

PRESSEMELDING OM KORONASITUASJONEN

Volda kommune 26.11.20



Volda
kommune

PRESSEMELDING 26.11.20 – kl 09.00

Status om koronasituasjonen 26.11.20 kl 09.00

Tal på testa veke 48 (månd-torsd) 264 personar i Volda og Ørsta. Veke 47 vart det testa 423 personar.

Ytterlegare ein leiar har testa positivt for covid-19. Prøvesvaret kom på morgonen 26. november. Denne personen var sett i karantene som nærkontakt til dei andre leiarane ved helse og omsorg som har testa positivt og er no sett i isolasjon. Arbeid med kartlegging av nærkontaktar pågår. Vi kjenner ikkje til at leiaren har hatt pasientnært arbeid. Nærkontaktar vert sett i karantene fortløpande.

25. november testa 3 leiarar i helse- og omsorgssektoren i Volda kommune positivt på Covid 19. Smittesporingsteamet melder at smittekjelda er kjent og at nærkontakter er sett i karantene og vert testa. Det er ikkje registrert at desse leiarane har hatt kontakt med pasientar. Til saman er det sett 10 nærkontaktar i karantene. Det er ein av desse som fekk positivt prøvesvar på prøva 26. november.

Som meldt onsdag 25. november testa ein person som er buset i Volda positivt for korona. Svaret kom på ettermiddagen onsdag 25. november. Personen var i karantene etter at husstandsmedlem testa positivt for covid-19 etter opphald i raudt land. Personen er sett i isolasjon.

Vi minner om at det eine smittetilfellet frå 17. november ikkje har kjent smittekjelde. Alle må ha svært låg terskel for å halde seg heime og teste seg om dei kjenner på luftvegssymtom. Sjølv om symptoma er små kan det vere covid-19.

Smitten vart spreidd på eit møte der smittevernrutinane vart følgt nøye. No har kommunen fått på plass databehandlaravtale for sensitive personopplysningar og kan difor i større grad nytte nettmøter i den administrative drifta.

Helsestasjonen har valt å halde stengt i dag i påventa av testresultat og avklaring av situasjon. Dette som eit føre-var tiltak. Planlagde oppdrag er utsett.

Førebygging og rehabilitering på omsorgssenteret i Volda har stoppa inntak av pasientar som eit føre-var tiltak.

Heimebasert teneste har sett i verk beredskapsplan der dei avgrensar tenestene og ikkje tek besøk der det ikkje er nødvendig. Dette er også eit føre-var tiltak.

Det vert stengt for besøk på Volda omsorgssenter. Pasientar som er dårlege vil få tilrettelagt for besøk. Dette er av omsyn både for bebuarane, tilsette og besøkande. Påørande må ta kontakt med avdelinga for å gjere avtale om besøk.

Vi oppmodar om at besøk på Fjordsyn og Barstadmarka også vert sterkt redusert.

Minner alle om å følgje smitteverntiltaka:

- Hald deg heime og ta koronatest om du kjenner på luftvegssymptom
- Vask hander og hald avstand
- Avgrens tal på nærkontaktar

Kontaktperson for media er ordførar Sølvi Dimmen, tlf. 996 27 876 E-post:

solvi.dimmen@volda.kommune.no